



Den truleg største bøken i Uskedalen er felt. Tvillingane Joakim og Markus (8 år gamle) sit på stubben og trefellar Jarle Bruntveit frå Husnes på treet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Kanskje vil 2007 gå over i historia som det store trefellingsåret i Uskedalen? Mange vaksne tre har i hvert fall møtt sin skjebne dette året – frå fleire digre granar på Kjærlandssido via den største grana i bygda på Endregård og gamle morelletre til det truleg største bøketreet. Det siste vart felt måndag .**

Det sto ved Arnesen-huset som familien Dagestad eig no og ettersom huset vart reist i 1919 er det grunn til å tru at bøken var omtrent like gamal. Det var vedalaget frå Husnes – eit fint sysselsettingstiltak – som hadde oppdraget med felling. Dette var kjente trakter for dei, for sist vinter felte dei ei velvaksen kastanje same staden.

Felling av bøken var ei utfordring, men det var aldri nokon fare for at den skulle gå i ei anna retning enn den planlagte. Då treet var vel nede, viste det seg at det hadde ein diameter på halvannen meter og at omkretsen var så vidt over fire meter!

Fleire av dei trea som er felt i det siste truga nærliggjande hus i ein verstuasjon som blir prega av stadig heftigare vindkast, men slik var det ikkje med bøken til Dagestad. Den stjal for mykje sol – faktisk i tre-fire timar om ettermiddagen som sommaren. Dessuten la den att mykje lauv og laga grønske på taket.

Vedalaget har nok å gjera og får det nok framleis.

Av Ola Matti Mathisen